

# Kommuneplan 2007 - 2019

## Innhald

Innleiing.....	33
Nærare om verdigrunnlaget.....	4
Livskraftig kommune .....	4
Moderne kommune.....	4
Utvikle eigne ressursar .....	4
Kultur og tradisjonar .....	4
Grensedraging mellom kommunalt og privat ansvar .....	5
Innsatsområde 1.....	6
Innsatsområde 2.....	7
Innsatsområde 3.....	8
Andre utviklingsområde mot 2019 .....	9
Kommune- og regionsenter .....	10
Samferdsel .....	10
Kommunale tenester i framtida .....	11
Samfunnstryggleik og beredskap .....	11
Slik når vi visjonen og dei langsiktige måla .....	12

## **Visjon**

**Vinje utfordrar framtida**

## **Verdigrunnlag**

- Vinje – eit livskraftig og moderne samfunn tufta på kultur, tradisjonar og utvikling av eigne ressursar.
- Ta vare på natur og miljø for seinare generasjonar.
- Vidareføre dei rike kulturverdiane og tradisjonane i Vinje og ynskje nye kulturar velkomen.
- Ha gode sosiale miljø i kommunen, og omsorg for kvarandre.
- Aktive innbyggjarar med engasjement for kommunen sin.

## **Innsatsområde**

**Identitet    Levekår    Levevegar**

## **Andre utviklingsområde**

Kommune- og regionsenter, Samferdsel, Kommunale tenester i framtida

## Innleiing

Kommuneplanen dreg opp langsiktige mål og strategiar for Vinjesamfunnet frå 2007 til 2019. Kommuneplanens langsiktige del er, saman med den kortsiktige delen – handlingsprogram med økonomiplan, kommunens viktigaste styringsverktøy. Planen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova §20-1 og skal rullerast minst éin gang i kvar valperiode.

Planen skal legge eit godt og enkelt grunnlag for utviklingsarbeidet mot 2017. Den skal vere ei rettesnor mot gjennomføring, både i kommunal regi og i eit samarbeid med bl.a. foreiningsliv, næringsliv og andre offentlege mynde.

Planen drøftar innleiingsvis ressursituasjonen i kommunen framover, og behovet for grensedraging mellom privat og offentleg ansvar for tenester og aktivitetar i lokalsamfunnet.

Planen tek spesielt for seg dei tre innsatsområda "levekår", som gjeld born, unge, vaksne og eldre, "identitet" og "levevegar." Siktemålet er å få til framgang og forbetringar på desse områda.

Planen rettar òg søkelyset mot andre område ved lokalsamfunnet vårt som ikkje direkte fell inn under dei tre innsatsområda ovanfor, men som likevel skal vere gjenstand for merksemd.



## Nærare om verdigrunnlaget

Det er grunn til å vere noko meir konkret om innhaldet i verdigrunnlaget.

### Livskraftig kommune

Eit livskraftig samfunn føreset at ein er i stand til å oppretthalde og om mogleg auke folketalet. Dessutan må ein ha ei alderssamansetjing med fleire unge og innbyggjarar som er aktive i arbeidslivet.

#### Hovudmål:

- ❑ **Minimum 3750 innbyggjarar i 2019.**
- ❑ **Tilstrekkeleg med gode og utfordrande arbeidsplassar**

### Moderne kommune

Ein moderne kommune betyr god infrastruktur innan telekommunikasjon og samferdsel. Det skal vera gode private og offentlege tenester som utfyller kvarandre.

#### Hovudmål

- ❑ **Telekommunikasjonar som i sentrale strok**
- ❑ **Betre vegstandard og moderne offentlege kommunikasjonar**
- ❑ **Gode private og offentleg tenestetilbod**
- ❑ **Sosiale møtestadar**

### Utvikle eigne ressursar

Vinje har store og rike ressursar knytt til innbyggjarar, natur, naturressursar, kultur og tradisjonar. Innbyggjarane har sjølv eit hovudansvar for å utvikle kommunen vidare.

#### Hovudmål

- ❑ **Å nytte ressursane i Vinje til å utvikle lokalsamfunnet**
- ❑ **Å stimulere til nyskaping av arbeidsplassar i Vinje**

### Kultur og tradisjonar

Dei rike kulturelle verdiane og tradisjonane i Vinje må takast vare på og vidareførast på ein levande måte til ei ny tid.

#### Hovudmål

- ❑ **Vinje skal framleis identifiserast med kultur, natur og tradisjon**

## Grensedraging mellom kommunalt og privat ansvar

I Vinje har vi tradisjonelt hatt ein situasjon der det har vore ein stor kommunal sektor, men eit svakare privat tenestetilbod. Fram til slutten av 1990-talet var det jamn vekst i kommunale inntekter og tilsvarande store forventingar og krav til kommunen. Denne situasjonen kan ikkje ventast å halde fram. Kommunen må vere i stand til å tilpasse tenesteproduksjonen til det framtidige inntektsnivået.

Ein må legge til grunn at kommunen ikkje kan løyse alle oppgåver i lokalsamfunnet. Det er trong for følgjande grensedraging:

- Fellesoppgåver som kommuneorganisasjonen skal løyse
- Oppgåver der kommunen skal vere tilretteleggjar
- Oppgåver som kommunen ikkje skal ha ansvar for
- Forventa innsats frå den enkelte innbyggjar og den tredje sektor (friviljuge)
- Fleire oppgåver og tenester må etter kvert berre løysast på ein stad.

Det er naturleg at lovpålagde oppgåver er prioriterte kommunale innsatsområde, dette inneber prioriteringar av helse, omsorg, grunnskule og barnehage.

## Innsatsområde 1

### Identitet

*Identitet er tufta på kultur, natur, språk og tradisjonar.*

#### Hovudmål

- **Innbyggjarane er stolte av å vera frå Vinje**
- **Kommunen har eit positivt omdømme**

#### Med det meiner vi:

- at Vinje med Hardangervidda og andre store naturområde vil bli stadig meir etterspurd
- at rekreasjonsområda er sikra og utvikla
- at kommunen har godt kjende og attraktive kulturtilbod
- at Vinje har eit sterkt kommune- og regionsenter i utvikling
- at Vinje har eit fleirkulturelt samfunn som fungerer
- at Vinje har ein dialekt som identifiserar heimstaden



#### Slik gjer vi det:

- Marknadsfører Vinje som eit eldorado for ulike rekreasjonstilbod
- Marknadsfører "nye og gamle" kulturpersonar frå kommunen
- Har levande kulturhus
- Har levande museum
- Syter for at fornminne og kulturminne er registrerte, sikra og gjort tilgjengelege
- Sikrar og utviklar nærmiljø for born og unge
- Syter for eit allsidig utdanningstilbod i kommunen
- Arbeider bevisst med haldningsskapande arbeid overfor ungdommen
- Har kulturaktivitetar som marknadsfører Vinje
- Samarbeider med frivillige organisasjonar
- Marknadsfører kompetansesentra som Attføringscenteret og Høgskulen i Rauland
- Brukar nynorsk medvite i all offentleg marknadsføring



## Innsatsområde 2

### Å leva i Vinje

Vi ynskjer at folk i alle aldrar skal gjera aktive val i høve til å busetje seg og velje å bli i Vinje. Varierte mogleghetar for arbeid, kjensle av fellesskap og dei verdiane Vinjesamfunnet er tufta på, er viktige moment. Undersøkingar av flyttestraumar, syner at Vinje har ei særleg utfordring i høve til å få unge vaksne til å velje Vinje som framtidig bustad.

### *Levekår for born og unge*

#### Hovudmål

- **Born og unge i Vinje skal ha trygge og utfordrande oppvekstvilkår.**

#### Med det meiner vi:

- at vi skal ha barnehagar der ungar blir sett og rekna med
- at vi skal ha skular som gir tilpassa opplæring til alle
- at vi skal ha eit kulturtilbod som famnar breitt



#### Slik gjer vi det:

- Har ein felles pedagogisk ståstad for barnehage, skule og SFO
- Nytte entreprenørskap som arbeidsmetode i barnehagar og skular
- Har full barnehagedekning med tilbod tilpassa den einskilde brukar
- Gir tilpassa opplæring for den einskilde i skulen
- Bruke IKT som eit viktig verktøy i barnehagar og skular
- Har eit allsidig kulturskuletilbod som styrkar den lokale identitetet knytt til alle bygdelaga
- Støttar friviljuge lag og organisasjonar som organiserer aktivitetar for born og unge
- Samarbeider med politi om førebyggjande rus- og kriminalitetstiltak
- Arbeider for at Vest-Telemark vidaregåande skule på Dalen har eit breidare tilbod



## *Levekår for vaksne*

### Hovudmål:

- **Levekåra for vaksne i Vinje er med på å gjere det attraktivt å bu og arbeide i kommunen**

### Med det meiner vi:

- å ha gode kultur- og fritidstilbod
- å ha gode butilhøve
- at det finst arbeid

### Slik gjer vi det:

- Leggje tilhøva til rette for å skape meiningsfulle arbeidsplassar
- Syte for at kulturhusa er sosiale møtestader for alle
- Leggje til rette for varierte fritidstilbod
- Leggje til rette for friviljug innsats
- Leggje til rette for etter- og vidareutdanning på universitets- og høgskulenivå
- Leggje til rette for bustader for "svake grupper" ved ein handlingsplan
- Vidareutvikle NAV-samarbeidet slik at fleire går frå trygd og sosialhjelp til arbeid

## *Levekår for eldre*

### Hovudmål:

- **Eldre i Vinje skal kunne leve eit sjølvstendig liv, med tryggleik for at kommunale tenester er der når dei treng det.**

### Med det meiner vi:

- at kommunen skal ha ein sjukeheim
- at andre hjelpetiltak er organisert som heimebaserte tenester

### Slik gjer vi det:

- leggje til rette for sentrumsnære bustader
- legge til rette for private løysingar, møteplassar, "eldre hjelper eldre" ("frivillighetsentral")



## **Innsatsområde 3**



## Leveveggar

Vi vil leggje til rette for arbeidsplassar som inkluderar landbruk, reiseliv, industri, kulturbasert næringsutvikling, kompetanse og transportårer.

### Hovudmål:

- **Vinje skal ha eit variert og lønsamt arbeids- og næringsliv med grobotn for nyskaping og vekst over heile kommunen.**

### Med det meiner vi:

- at arbeidsplassar i privat sektor må auke slik som tradisjonell industri og teknologi/kunnskapsindustri
- at arbeidsplassar på regionale, fylkeskommunale og statlege nivå må auke.
- at vi skal ha eit sterkt landbruk
- at Vinje skal vera eit senter for fjellpolitikk i Noreg
- at Vinje skal vera ein viktig reiselivskommune



### Slik gjer vi det:

- satsar bevisst på entreprenørskap slik at Vinje framstår som ein kommune som er god på nyskaping og nyetableringar over heile kommunen
- profilerar kultur, lokale mattradisjonar og opplevingsturisme
- leggjer til rette for industriverksemnd som har elektrisk kraft og annan fornybar energi som ein viktig innsatsfaktor
- gjer Åmot til ein attraktiv plass å etablere regionale, fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar
- stimulerar til auka omsetjing av fråflytte eigedommar med sikte på busetjing
- utviklar dei menneskelege ressursane i landbruket og motivere til "tidleg eigarskifte"
- handhevar lovverket for buplikt strengt, slik at gardar og bruk ikkje blir ståande tomme
- leggje tilrette for høgare utdanning i kommunen for å ta vare på kompetansebehovet lokalt
- gjev eksisterande verksemnder høve til å utvikle seg vidare
- nyttar kommunen sine naturgjevne føremoner for å tiltrekke seg kompetent arbeidskraft og arbeide aktivt mot dei einskilde innovasjonsmiljø i Noreg
- samarbeider med ressurspersonar blant hyttefolk
- syter for meir ringverknader (lokalt utbytte) av hyttebygginga
- utvikle Åmot til eit regionalt handels- og servicesenter



## Andre utviklingsområde mot 2019

Desse områda inneheld element som ikkje vert dekt av dei tre innsatsområda.

Under følgjer ei beskriving av det enkelte området som grunnlag for eit heilskapleg arbeid med å løyse samfunnsoppgåvene fram mot 2019

## **Kommune- og regionsenter**

I arbeidet med å styrke Vinje sin posisjon i høve til handel, tenester og vertskap for fellesfunksjonar i Vest-Telemark og øvre Aust-Agder, vil ein framover styrke kommunesenteret si stilling i kommunen.

### Dette skal skje gjennom:

- å leggje til rette for næringsetablering og utviding av eksisterande tenestetilbod i Åmot
- å byggje eit sterkt senter
- å satse på byggjeskikk og estetikk
- å leggje til rette for møteplassar for innbyggjarane, og sikre mjuke trafikantar betre i sentrum
- å leggje til rette for etablering av stoppeeffektar i sentrum

## **Samferdsel**

Vinje kommune skal arbeide for å halde på og utvikle status og standard på riks- og europavegar som går gjennom kommunen. I politisk arbeid og planlegging skal ein sørge for at E134 utviklar seg til å verte førstevalet for reisande mellom aust og vest både på grunn av reisetid og reisekomfort. Vidare skal kommunen arbeide for det innan utgangen planperioden ligg føre konkret finansiert realisering av høgfartsbane over Haukeli, som vil auke jobbmoglegheiter for innbyggjarar og auke sjansar for meir tilflytting til kommunen. Omsynet til trafikktryggleik for born, unge og andre mjuke trafikantar skal liggje i botn for all samferdsleplanlegging og stadsutforming i kommunen.

### Dette skal skje gjennom:

- å leggje til rette for ny trasé Åmot – Vinjesvingen som ivaretek Åmot som handelsstad og som betrar trafikktryggleiken for dei som i dag bur langs denne vegen
- å arbeide for at prosjektet vert oppprioritert i norsk vegplan
- å arbeide for realisering av Haukelibanen
- å leggje til rette for gang- og sykkelveggar slik at skular og aktivitetstilbod kan nåast på trygg måte

## **Kommunale tenester i framtida**

Innleiingsvis i planen er det synt til inntektsutviklinga for kommunen. Omfordeling mellom kommunane vil måtte medføre konsekvensar for tenestetilbodet som Vinje kommune kan yte i framtida. Ein vil difor i planperioden tilpasse kvar og korleis tenestene blir ytt. Samstundes må ein, gjennom organisasjonsform, sikre at arbeidsplassar vert verande innanfor kommunegrensa.

### Dette skal skje gjennom:

- å ta i bruk ny teknologi som effektiviserer kommunal drift
- å drive kontinuerleg kompetanseplanlegging og organisasjonsutvikling
- å sjå på mogleg inntening på kommunale arbeidstakarar som eit alternativ til nedbemanning, gjennom etablering av eit nettverksselskap
- å samarbeide med andre kommunar om utnytting av felles infrastruktur
- å arbeide for ei samlokalisering av flest mogleg tenester, som styrker fagmiljø og gjer tenestetilbodet meir robust
- å vedvarande kartleggje kva kompetanse hytteeigarane i kommunen sit på, med tanke på å nytte ressursar, der det er mangel i kommunen
- å fortsette samarbeide med friviljuge lag og organisasjonar
- å satse på eit sterkt og framtidsretta helsetilbod med bl. a. tilbod om telemedisin

## **Samfunnstryggleik og beredskap**

Kommunen har to sentrale oppgåver for å utvikle eit sikkert samfunn. Kommunen skal arbeide for å gjere det mindre sannsynleg at uønska hendingar eller kriser kan oppstå. I tillegg må kommunen vere i stand til å handtere uønska hendingar og kriser/krig for i størst mogleg grad redusere konsekvensane av desse.

### Dette skal skje gjennom:

- å ha planar for beredskap mot dei mest aktuelle kriser og uønska hendingar
- å ta nødvendige beredskapsomsyn i all kommunal planlegging, utbygging og drift
- å prioritere risikoreduserande tiltak mot miljøskadar
- å raskt kunne setje i verk tiltak når krise har oppstått
- å ha oversyn over dei viktigaste tilhøva som inneber risiko eller gjer kommunen sårbar

## Slik når vi visjonen og dei langsiktige måla

Det er avgjerande at kommunen og lokalsamfunnet arbeider systematisk og målretta for etter kvart å oppfylle ambisjonane i kommuneplanen.

### Viktige verktøy i gjennomføringa av kommuneplanen er:

- Prioriteringar i handlingsprogram med økonomiplan og budsjett og verksemdsplanar hjå resultateiningane
- Brei forankring hjå aktørar, både i og utanfor kommuneorganisasjonen
- Arealdelen av kommuneplanen
- Kommunedelplanar og temaplanar

For å kunne nå visjon og langsiktige mål må dette spørsmålet heile tida stillast: Korleis kan dei samarbeidande partane best bidra til at visjon og langsiktige mål blir nådd?

